SAMMEN OM

Miljøløftet

## NOTAT

Vedlegg nr. 3

Til: Styringsgruppa
Fra: Sekretariatet
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandler/telefon:
Eva Mari Pettersen / 41663951
Vår dato: 15.03.2023

# Sak 33/23 Forslag til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2024-2027

## Innhold


Sak 33/23 Forslag til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2024-2027 ..... 1
1. Bakgrunn ..... 2
2. Overordna om innspela ..... 2
3. Fylkeskommunalt bidrag ..... 2
Prioriteringar fylkeskommunalt bidrag ..... 5
4. Post 30 Programområdemidlar riksveg, og kommunal- og fylkesveg ..... 6
Tilgjengeleg finansiering pr. kommune ..... 8
Prioriteringar post 30 midlar ..... 8
5. Post 63 Statleg tilskot til store kollektivprosjekt ..... 9
6. Post 66 Tilskot til byvekstavtaler ..... 9
Belønningsmidlar til drift kollektiv (Skyss) ..... 9
Belønningsmidlar til kommunane ..... 10
*Tilgjengeleg finansiering pr. kommune* ..... 12
Tilskot til reduserte bompengar og betre kollektivtilbod ..... 13
Tilskot til reduserte billettprisar til kollektivtilbod ..... 14
Prioriteringar post 66 tilskot til byvekstavtaler ..... 14
7. Bypakke Bergen (bompengeinntekter og bruken av desse) ..... 15
Prioriteringar Bypakke Bergen ..... 15
8. Oppsummering ..... 15
9. Forslag til vedtak ..... 17

## 1. Bakgrunn

Saka er ei oppfølging av fleire saker som vedgår rullering av handlingsprogram 2024-2027 (HP24-27) (seinast sak 19/23 i styringsgruppa 22. februar).

Jamfør tidsplanen for rulleringa av HP 24-27, skal styringsgruppa handsame Miljøløftet sitt handlingsprogram 2024-2027 i gjeldande møte, 22. mars, før saka vert sendt til lokalpolitisk handsaming før sommaren 2023. Handlingsprogrammet er utgangspunktet for Statens vegvesen sitt innspel til statsbudsjett 2024, og fylkeskommunen sitt innspel til fylkesbudsjett 2024.

Notatet er utarbeidd basert på innspel frå arbeidsgruppene og prosjekteigarar, drøftingar i samordningsfunksjonen, prioriteringsrådet og styringsgruppa, samt nokre enkeltvise møte med prosjekteigarane. Som eit utgangspunkt for diskusjonen i møtet, har prioriteringsrådet føreslått eit handlingsprogram som er i balanse. Dette vert utgangspunkt for diskusjonen i møtet. Til slutt i notatet blir prioriteringsmoglegheitene pr. finansieringskjelde samanfatta.

Innleiingsvis i notatet blir det gitt informasjon om det overordna biletet, før det blir gitt ei eiga gjennomgang for kvar finansieringskjelde, med prioriteringsmoglegheiter til slutt pr. kapittel.

For meir utfyllande presentasjon av enkeltprosjekt, blir det vist til vedlegg 3a, utkast til prosjektportefølje (same vedlegg som i førre styringsgruppemøte). Merk at i denne er tala pr. prosjekt ikkje oppdatert etter innleveringa av prosjektark 1. desember. Det er tabellane i gjeldande notat som har dei sist oppdaterte tala. Endeleg prosjektportefølje, samt den grafiske framstillinga av handlingsprogrammet, blir sendt til lokalpolitisk handsaming etter vedtak i styringsgruppa.

Tala i denne saka er i forventa 2023-kroner. Etter vedtak i styringsgruppa, vert tala indeksert til forventa 2024-kroner. Sekretariatet gjer merksam på at nokre av tala framleis blir kvalitetssikra. Ettersom handlingsprogrammet blir handsama av styringsgruppa i mars, mot april tidlegare år, står det att nokre meir redaksjonelt arbeidd *etter* vedtak i styringsgruppa, samanlikna med tidlegare. Det kan derfor komme nokre endringar, sjølv etter vedtak.

## 2. Overordna om innspela

I sak 19/23 i styringsgruppa 22. februar, vart innspela til handlingsprogrammet presentert, og det vart lagt vekt på at det ikkje er tilstrekkeleg finansiering til at alle prosjekta som var spelt inn over det fylkeskommunale bidraget, eller over post 30 midlar i Bergen, kan bli prioriterte. Det blei også sagt at det er spelt inn fleire nye prosjekt i omlandskommunane, men at desse prosjekta til saman utgjer eit lågare beløp enn den tilgjengelege finansieringa i avtalen. Alle kommunane har fleire gode prosjekt i emning fram mot neste rullering av handlingsprogrammet.

For belønningsmidlane er det spelt inn prosjekt for heile ramma til Bergen kommune, medan det for omlandskommunane ikkje er spelt inn like mange prosjekt mot slutten av handlingsprogramperioden. Basert på det som er spelt inn, vil det framleis vere att midlar på fond hos fylket i handlingsprogramperioden.

For bypakke Bergen, er det spelt inn eitt prosjekt; «Førebuande arbeid til Bybanen byggetrinn 5 til Åsane». Ytterlegare finansiering av bybanen til Åsane takast inn i handlingsprogrammet til Miljøløftet når finansieringa av byggetrinnet er avklart.

Vidare går notatet nærare inn på den einskilde finansieringskjelde, og tilhøyrande prioriteringsbehov.

## 3. Fylkeskommunalt bidrag

Det er ikkje tilgjengeleg finansiering til alle prosjekta som er spelt inn over det fylkeskommunale bidraget. Tabell 1 gir ei oversikt over prosjekt som prioriteringsrådet foreslår å ikkje prioritere, for å sørge for eit

handlingsprogram i balanse. Tabell 2 viser forslag til prioriterte prosjekt over det fylkeskommunale bidraget.

*Tabell 1 – Prosjekt som førebels ikkje er prioriterte med eiga linje over det fylkeskommunale bidraget*

| Prosjektnamn | Kommune | Totalkostnad (i 1000 23-kr) | Grunngjeving for at prosjektet ikkje blir finansiert med eiga linje over det fylkeskommunale bidraget |
|---|---|---|---|
| Fv5300 Salhusvegen, Ulsetstemma-Slettestølvegen | Bergen | 226 800 | Det blir gjort ei prosjektoptimalisering i 2023 og 2024 for å finne gode, og mindre kostnadskrevjande løysingar. Prosjektet blir vurdert på nytt i neste rullering av handlingsprogrammet. |
| Fv574 Bjørgeveien, Bjørndalsbrotet -Lyderhornsveien | Bergen | 177 000 | Det blir gjort ei prosjektoptimalisering i 2023 og 2024 for å finne gode, og mindre kostnadskrevjande løysingar. Prosjektet blir vurdert på nytt i neste rullering av handlingsprogrammet. |
| Fv 5354 Garnesvegen Bommane - Rasmusvegen | Bergen | | Førebels er det ikkje talgrunnlag til å kunne prioritere prosjektet i handlingsprogrammet. Det blir gjort ei prosjektoptimalisering av prosjektet for å finne gode løysingar som er mindre kostnadskrevjande. |
| Utredning av kollektivprioritering på innfartsårer i Bergen | Heile avtaleområdet | 5 000 | Det blir vurdert om denne utgreiinga kan bli finansiert av statlege midlar utanom Miljøløftet. |
| Gangbro over E39, Åsane sentrum i Bergen kommune | Bergen | 2 500 | Det er behov for meir kunnskap om dette prosjektet, før det blir bestemt riktig finansiering. Dette blir det arbeidd med fram mot neste rullering. |
| Arbeidsprogram for arbeidsgruppe Bergen sentrum | Bergen | 2 500 | Prosjektet blir delt opp i mindre delprosjekt. Nokre delar blir finansiert av planpotten, andre delar innanfor Bergen kommune si ramme. |
| E16/ Rv577 Permanent løsning for sommerstengning av Torget - Bryggen | Bergen | | Prosjektet vart ikkje prioritert av VLFK i budsjett for 2023. Det er ikkje levert nytt prosjektark etter dette. |

*Tabell 2 - Førebels forslag til bruk av det fylkeskommunale bidraget i HP24-27 (i 1000 forventa 2023-kr)*

| Prosjektnamn | Kommune | Total-kostnad | Tidligere løyving | 2023 | INNSPILL TIL FINANSIERING I HP 24-27 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | Restbehov etter 2027 | Kommentar/Evt. vesentlige endring siden HP23-26 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Fv5306 Hesthaugvegen, Åsane terminal–Morvik, del 1: Åsane terminal–Haukedalen skole | Bergen | 229 600 | - | - | - | - | 8 100 | 46 400 | 175 100 | Forskjøvet med ett år |
| Fv5216 Håkonshellavegen, Alvøen–Myraskjenet, gang- og sykkelveg | Bergen | 139 700 | 85 300 | - | 54 400 | - | - | - | - | |
| Fv5208 Kjøkkelvikvegen samanhengande gang og sykkeltilbod | Bergen | 56 500 | - | - | - | 1 200 | 29 700 | 22 700 | - | Forskjøvet med ett år |
| Fv5190 Apeltunvegen | Bergen | 46 200 | 5 900 | - | 35 600 | 4 600 | - | - | - | |
| Fv5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartsputer | Bergen | 41 600 | 2 300 | 20 600 | 15 600 | 3 100 | - | - | - | |
| Fv558 Tennebekk næringsområde ombygging av kryss/avkjørsel | Bergen | 13 700 | - | - | - | 6 300 | 7 400 | - | - | |
| Standardheving med vedlikeholdskarakter fylkesveg | Heile avtaleområdet | | | 52 800 | 50 000 | 50 000 | 50 000 | 50 000 | 100 000 | |
| Trafikksikkerhet | Bergen | | | 33 800 | 25 000 | 25 000 | 25 000 | 25 000 | 50 000 | Redusert årleg beløp fra og med 2024 |
| Planlegging fylkesveg | Bergen | | | 25 400 | 15 000 | 15 000 | 15 000 | 15 000 | 30 000 | Redusert årleg beløp fra og med 2024 |
| Prosjektering diverse fylkesveg og grunnerverv | Bergen | | | 7 200 | 5 000 | 7 000 | 7 000 | 7 000 | 14 000 | Noe redusert beløp i 2024 |
| Fremkommelighetstiltak sykkel | Bergen | | | 3 200 | 3 500 | 3 500 | 3 500 | 3 500 | 7 000 | |
| Program for teljing og analyse av fotgjengarstraumar og åtferd | Bergen | | | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 2 000 | |
| Kjøp av bybanevogner til drift av bybanen linje 2 mellom Bergen sentrum og Oasen | Bergen | 291 000 | | 51 400 | 40 000 | 60 000 | 50 000 | 50 000 | 39 600 | Har flyttet 20 mill fra 2024 til 2025 for å treffe bedre på det årlege snittet |
| Vedlikeholdstiltak av investeringskarakter Bybanen og Trolleybuss | Bergen | - | - | 16 700 | 16 700 | 16 700 | 16 700 | 16 700 | 33 400 | |
| Gangveier til kollektivtraséer | Bergen | | | 10 600 | 11 900 | 11 900 | 11 900 | 11 900 | 23 800 | Ei auke på vel 1 mill. årleg |
| Oppgradering holdeplasser | Bergen | | | 7 700 | 8 000 | 8 000 | 8 000 | 8 000 | 16 000 | |
| Mindre kollektivtiltak, enklere tiltak | Bergen | | | 4 200 | 3 000 | 4 000 | 4 000 | 4 000 | 8 000 | |
| Oppgradering signalanlegg og ASP | Bergen | | | 2 600 | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 3 000 | Redusert med ca. 1 mill. årleg |
| Sentrums og knutepunktsutvikling i Bergen - Oppstartsmidler | Bergen | | | 1 000 | 500 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 2 000 | Redusert med ca. 1 mill. årleg |
| Drift av sekretariatet i Miljøløftet | Heile avtaleområdet | | | 8 800 | 8 800 | 8 800 | 8 800 | 8 800 | 17 600 | |
| Reisevaneundersøkelsen (RVU) | Heile avtaleområdet | | | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 3 000 | |
| **Delsum fylkeskommunale midler (prosjekt i HP23-26)** | | **818 300** | **93 500** | **248 500** | **297 000** | **230 100** | **250 100** | **274 000** | **524 500** | |
| Mva (og prosjektering) prosjekt i Bergen som blir finansiert av statleg tilskot | Bergen | | | | - | 22 000 | 23 300 | 26 900 | 55 300 | Utgiften var ikkje ein del av HP23-26 sidan praksisen ikkje var avklart. |
| Klostergaten, gateopprusting | Bergen | 28 100 | - | - | - | 5 200 | 20 800 | 2 100 | - | |
| Sykkeltelling i Bergensområdet | Heile avtaleområdet | 4 000 | - | - | 2 000 | 2 000 | | | | |
| **Delsum fylkeskommunale midler (nye prosjekt)** | | **32 100** | **-** | **-** | **2 000** | **29 200** | **44 100** | **29 000** | **55 300** | |
| **Sum fylkeskommunale prosjekt** | | **850 400** | **93 500** | **248 500** | **299 000** | **259 300** | **294 200** | **303 000** | **579 800** | |
| *Årleg snitt VLFKs bidrag (2023-kr)* | | | | | *295 015* | *295 015* | *295 015* | *295 015* | | |
| *Differanse mot årleg snitt (minus betyr at det er spelt inn prosjektar for meir enn det årlege snittet)* | | | | | *-3 985* | *35 715* | *815* | *-7 985* | | |

Av ikkje-igangsette og nye prosjekt, er følgande fem prosjekt prioriterte som del av handlingsprogrammet:

- «Hesthaugvegen, Åsane terminal–Morvik, del 1: Åsane terminal–Haukedalen skole»
- «Kjøkkelvikvegen samanhengande gang og sykkeltilbod»
- «Tennebekk næringsområde ombygging av kryss/ avkøyrsel»
- «Sykkeltelling i Bergensområdet»
- «Klostergaten, gateopprusting»

Etter innspel frå fylkeskommunen er trafikktryggleikspotten og planpotten redusert samanlikna med tidlegare år, med hvv. 9 og 10 mill. årleg.

Dersom styringsgruppa prioriterer i tråd med tabell 2, vil det årlege behovet for fylkeskommunale midlar være tett på det årlege snittet, med nokre variasjonar mellom åra. Vestland fylkeskommune har meldt at periodiseringa av prosjektet «Kjøp av bybanevogner til drift av bybanen linje 2 mellom Bergen sentrum og Oasen» kan tilpassast, slik at sluttsummen for det fylkeskommunale bidraget landar rundt det årlege snittet.

Når ein ser på den tilgjengelege finansieringa over det fylkeskommunale bidraget i heile avtaleperioden, er det om lag 27 millionar tilgjengeleg til nye tiltak.

*Tabell 3 - Tilgjengeleg finansiering over fylkeskommunalt bidrag (i 1000 forventa 2023-kr)*

| **Fylkeskommunalt bidrag i Miljøløftet** | **2024-2029** |
|---|---|
| Resterande finansiering i byvekstavtaleperioden (295 mill. * 6 år) | 1 770 091 |
| Differanse mellom årleg snitt og løyving i perioden 2020-2023 | -7 531 |
| **Tilgjengelege midler i perioden 2024-2029** | **1 762 560** |
| | |
| **Foreslått bruk av det fylkeskommunale bidraget i tråd med tabell 2** | **2024-2029** |
| Resterande finansiering til igangsette prosjekt i perioden 2024-2027 | 352 900 |
| Finansiering av samlepottane på nivå med det som er innmeldt i perioden 2024-2( | 925 900 |
| Mva (og prosjektering) prosjekter i Bergen som finansieres av statlig tilskudd | 127 500 |
| Totalkostnad ikke igangsatte prosjekter (moglegheiter for prioriteringar) | 329 000 |
| **Sum prosjekter i tabell 2 i perioden 2024-2029** | **1 735 300** |
| | |
| Differanse (tilgjengeleg finansiering til neste rullering) | 27 260 |

### Prioriteringar fylkeskommunalt bidrag

Styringsgruppa blir oppmoda til å drøfte dei føreslegne prioriteringane, og ha mål om å vedta eit handlingsprogram i balanse.

Følgande anbefaling er gitt av prioriteringsrådet:

- Prioritere følgande ikkje-igangsette-prosjekt frå HP23-26:
  - Hesthaugvegen, Åsane terminal–Morvik, del 1: Åsane terminal–Haukedalen skole
  - Kjøkkelvikvegen samanhengande gang- og sykkeltilbod
  - Tennebekk næringsområde ombygging av kryss/avkøyrsel
- Prioritere to nye prosjekt:
  - «Sykkeltelling i Bergensområdet»
  - «Klostergaten, gateopprusting»
- Samlepottane blir på nivå med innspelte forslag, nokre redusert frå HP23-26
- *Ikkje* prioritere syv ikkje-igangsette prosjekt:
  - Salhusvegen, Ulsetstemma-Slettestølvegen
    - Det er eit særleg ønske om å prioritere dette prosjektet. Men prosjektet er kostbart, og det vil bli gjennomført ei prosjektoptimalisering for å finne gode løysingar som er mindre kostnadskrevjande.
  - Bjørgeveien, Bjørndalsbrotet -Lyderhornsveien
  - Garnesvegen Bommane - Rasmusvegen
  - Utredning av kollektivprioritering på innfartsårer i Bergen
    - Det er eit særleg ønske å prioritere dette prosjektet, og det blir truleg finansiert med statlege midlar utanfor Miljøløftet.
  - Arbeidsprogram for arbeidsgruppe Bergen sentrum
  - Gangbro over E39, Åsane sentrum i Bergen kommune
  - Permanent løsning for sommerstengning av Torget - Bryggen

## 4. Post 30 Programområdemidlar riksveg, og kommunal- og fylkesveg

Det er ikkje tilgjengeleg finansiering til alle prosjekta som er spelt inn over post 30 midlar i Bergen. Tabell 4 visar prosjekt som prioriteringsrådet har foreslått å ikkje prioritere, for å sørge for eit handlingsprogram i balanse. Tabell 5 viser forslag til prioriterte prosjekt over post 30 i heile avtaleområdet.

*Tabell 4 - Prosjekt som førebels ikkje er prioriterte med finansiering av post 30 midlar*

| Kommune | Prosjektnavn | Total-kostnad (i 1000 2023-kr) | Grunngjeving for at prosjektet ikkje blir finansiert med eiga linje over post 30 midlane |
|---|---|---|---|
| Bergen | E39, DS8-a Hovedsykkelrute Eidsvåg - Tertneskrysset | 442 000 | Avventar til finansieringa av Bybanen byggetrinn 5 er landa |
| Bergen | E39, DS8-b Hovedsykkelrute Tertneskrysset-Rolland | 123 800 | |
| Bergen | KV4688 Krohnåsvegen sykkeltiltak | 67 900 | Ein kombinasjon av måloppnåing, modenheit og tilgjengelege midlar |
| Bergen | E16 Kollektivtiltak Foreningsgaten | 11 100 | Se eiga sak 32/23, kor det er foreslege at prosjektet blir tatt inn som ein del av prosjektet Olav Kyrres gt. |
| Bergen | Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 1, Skeie - Rådal | 268 600 | Ein kombinasjon av måloppnåing, modenheit og tilgjengelege midlar |

*Tabell 5 – Forslag til bruk av post 30 midlane i HP24-27 (i 1000 forventa 2023-kr)*

| | | | | | INNSPEL TIL FINANSIERING OVER POST 30 I HP 24-27 | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Kommune** | **Prosjektnamn** | **Total-kostnad** | **Tidlegare løyving** | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** | **2027** | **Restbehov etter 2027** | **Annan finansiering** | **Kommentar/Evt. vesentlege endringar samanlikna med HP23-26** |
| Bergen | E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 5, Kristianborg–Bergen sentrum | 1 247 100 | 963 600 | 190 000 | 80 000 | 13 500 | - | - | - | - | Ei auka totalkostnad i tråd med tidlegare saker i styringsgruppa |
| Bergen | E39, Fv558 Gyldenpriskrysset og Carl Konows gate | 357 200 | 229 100 | 90 000 | 38 100 | - | - | - | - | - | |
| Bergen | E39, Fv556 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 4, Fjøsanger-Kristianborg | 207 500 | - | - | - | - | 42 800 | 129 500 | 16 300 | 18 800 | Redusert med om lag 130 mill. Nedskalert/midlertidig løysing |
| Bergen | E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 3, Nesttun – Fjøsanger | 300 000 | - | - | - | - | 50 000 | 121 100 | 105 500 | 23 400 | Prosjektet har i utgangspunktet ein totalkostnad på 430 mill., kor 406 mill. finansiert gjennom Miljøløftet. For at prosjektet skal få plass i porteføljen, er det ei føresetnad at prosjektet vert skalert ned, eller at berre delar av prosjektet blir gjennomført. Det vil i så tilfelle vere innanfor ei ramme på om lag 300 mill. |
| Bergen | E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun-Skjold | 247 500 | 113 000 | 25 000 | 49 000 | 43 500 | 16 900 | - | - | - | |
| Bergen | E39, Fv577 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 6, Bradbenken –Glass Knag | 182 800 | 98 100 | 13 300 | - | 25 500 | 31 600 | 8 200 | - | 6 100 | Spelt inn som eitt prosjekt, i tråd med vedtak i styringsgruppa |
| Bergen | E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 5, Fjøsangerveien/Solheimsgaten - Fabrikkgaten | 98 500 | - | - | - | - | 8 200 | 55 200 | 23 400 | 11 700 | |
| Bergen | E16 Trafikktiltak Nygårdstangkrysset/Fjøsangerveien | 11 500 | - | - | 8 000 | 3 600 | - | - | - | - | Fekk ikkje midlar i statsbudsjett 2023, er lagt inn på nytt i 2024 |
| *Delsum post 30 midler til prosjekt på riksveg* | | *2 652 100* | *1 403 800* | *318 300* | *175 100* | *86 100* | *149 500* | *314 000* | *145 200* | *60 000* | |
| Bergen | Fv582/ Kv5312 Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei–Fantoft), sykkelanlegg | 287 700 | - | - | - | - | 29 400 | 49 100 | 149 600 | 59 500 | Forskove eitt år. Annan finansiering er utgifter til mva og prosjektering, som blir dekka av det fylkeskommunale bidraget. |
| Askøy | Fv5254 Kleppevegen ved Myrane | 221 300 | 4 200 | 27 100 | 38 800 | 41 800 | 13 100 | - | - | 96 300 | Oppdaterte tall viser ei auke i totalkostnaden på 26 mill. |
| Bergen | Fv585 Nattlandsveien, Birkelundtoppen - Hagerupsvei, nord | 168 300 | - | - | - | - | - | 30 000 | 101 800 | 36 500 | Forskove eitt år. Annan finansiering er utgifter til mva og prosjektering, som blir dekka av det fylkeskommunale bidraget. |
| Bjørnafjorden | Fv552 Etablering av trafikksikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen | 165 000 | 50 200 | - | 34 300 | 19 300 | 4 200 | - | - | 57 000 | Ei lita auke i totalkostnad utover indeksering. Annan finansiering er utgifter til blant annet mva og prosjektering. |
| Bergen | Fv582 Storetveitvegen, Hagerups vei–Minde Alle | 139 800 | - | - | - | 7 400 | 39 300 | 49 100 | 12 500 | 31 500 | Annan finansiering er utgifter til mva og prosjektering, som blir dekka av det fylkeskommunale bidraget. |
| Øygarden | Kv1136 Sentrumsgate Grønamyrsvegen | 69 700 | 7 500 | 29 400 | 27 200 | - | - | - | - | 5 600 | |
| Bjørnafjorden | Fv510 Trolldalen- Lepsøyvegen - trygg GS-løsning | 8 000 | 1 000 | | - | 7 000 | - | | - | - | Prosjektet fekk ikkje midlar over statsbudsjett 2023. Belønningsmidlar fra 2021 (4,5 mill.) til tiltaket blir omdisponert til andre, meir modne prosjekt, medan tiltaket søkes inn over post 30 i sin heilhet. |
| Alver | Fv5474 Seim | 42 900 | - | - | - | - | - | 19 700 | 8 900 | 14 300 | Fekk ikkje midlar i statsbudsjett 2023. Forskove oppstart med 3 år samanlikna med HP23-26. Annan finansiering er utgifter til blant anna mva og prosjektering. |
| Alver | Fv5308 Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune | 47 900 | 19 800 | - | 11 200 | 8 100 | - | - | - | 8 900 | Ei auke i totalkostnad i tråd med tidlegare sak i styringsgruppa |
| Alver | Fv5452 Hillesvåg – Apalen, etablering av G/S-veg | 20 600 | - | - | - | 1 100 | 10 000 | - | - | 9 400 | |
| Alver | Fv5458 Ostereidet/Lindsdalen i Alver, G/S-veg | 20 400 | - | - | 4 100 | 10 600 | 1 600 | - | - | 4 100 | Ei lita auke i totalkostnad utover indeksering. |
| Alver | Fv5452 Leknesvegen | 10 000 | - | - | 6 400 | 1 600 | - | | - | 2 000 | Fekk ikkje midlar i statsbudsjett 2023, blir spelt inn på nytt i 2024 |
| *Delsum post 30 midler til prosjekt på kommunal og fylkesveg* | | 1 201 600 | 82 700 | 56 500 | 122 000 | 96 900 | 97 600 | 147 900 | 272 800 | 325 100 | |
| **SUM PROSJEKT I HP23-26** | | **3 853 700** | **1 486 500** | **374 800** | **297 100** | **183 000** | **247 100** | **461 900** | **418 000** | **385 100** | |
| Alver | Fv 565 Manger kirke - Hesthaugen, fortau | 2 100 | - | - | 2 100 | - | - | - | - | - | |
| Alver | Fv565 Hilland i Alver kommune, rundkjøring/snumulighet for buss | 10 400 | - | - | - | 5 200 | - | - | - | - | |
| Alver | Kv 1023, Kv 1056, Knarvikplanen, gang- og sykkelveier | 19 200 | - | - | 10 400 | 8 800 | - | - | - | - | |
| Askøy | Nordre Hauglandsveg | 30 800 | - | - | - | - | - | 30 800 | - | - | Tala er basert på ein høg løpemeterpris utenfor byområda på 77 tusen. Tala er grove anslag og erfaringstal, og ein meir nøyaktig vurdering av kostnader i prosjektet vil foreligge medan prosjektet er vurdert av byggherre. |
| Askøy | Skarholmvegen | 152 400 | - | - | - | - | - | 151 300 | - | 1 000 | |
| Bergen | KV4181 Wiers-Jenssens vei sykkeltiltak | 39 100 | - | - | - | 3 900 | 35 200 | - | - | - | |
| Bergen | KV4728 Litleåsvegen sykkeltiltak | 30 000 | - | - | - | - | - | 30 000 | - | - | |
| Bjørnafjorden | Oppgradering holdeplasser E39 Bjørnafjorden | 2 000 | - | - | 1 000 | 1 000 | - | - | - | - | Prosjektet er på riksveg og er derfor inkludert mva. |
| Bjørnafjorden | Åsen-Helleskaret gang og sykkelveg | 41 600 | - | - | 20 800 | 10 400 | 10 400 | - | - | - | |
| Øygarden | Miljøgate Ågotnes - delstrekning 1 | 66 800 | - | - | - | - | 31 200 | 31 200 | - | - | |
| Øygarden | Skogsskiftet sentrumsområde | 72 800 | - | - | - | 31 200 | 41 600 | - | - | - | |
| **SUM NYE PROSJEKTER** | | **467 200** | **-** | **-** | **34 300** | **60 500** | **118 400** | **243 300** | **-** | **1 000** | |
| **TOTALSUM INNSPELTE PROSJEKT POST 30** | | **4 320 900** | **1 486 500** | **374 800** | **331 400** | **243 500** | **365 500** | **705 200** | **418 000** | **386 100** | |
| | *Årleg snitt post 30-midler (samla for byvekstområdet)* | | | | *437 228* | *437 228* | *437 228* | *437 228* | | | |
| | *… er spelt inn prosjekt for meir enn det årleg snittet)* | | | | *105 828* | *193 728* | *71 728* | *-267 972* | | | |

For dei tre fyrste åra i handlingsprogramperioden, er summen av prosjekt lågare enn det årlege gjennomsnittet på om lag 437 mill. Det skuldast primært at det ikkje er spelt inn tilstrekkeleg med prosjekt i omlandskommunane, i tillegg til at ein del av dei store prosjekta i Bergen og Askøy ikkje vil vere byggeklare før seinare i perioden.

Nedste delen av tabell 5 (over), viser dei nye prosjekta som er foreslått prioritert. Her er mellom anna alle prosjekta i omlandskommunane som er spelt inn, tekne med inn i handlingsprogrammet.

I Bergen er følgjande nye og ikkje-igangsette prosjekt prioriterte:

- Trafikktiltak Nygårdstangkrysset/ Fjøsangerveien
- Fv582 Storetveitvegen, Hagerups vei–Minde Alle
- Fv585 Nattlandsveien, Birkelundtoppen–Hagerupsvei, nord
- KV4728 Litleåsvegen sykkeltiltak
- Fv582/ Kv5312 Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei–Fantoft), sykkelanlegg

- KV4181 Wiers-Jenssens vei sykkeltiltak
- E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 5, Fjøsangerveien/ Solheimsgaten–Fabrikkgaten
- E 39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 4, Fjøsanger–Kristianborg
- E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 3, Nesttun–Fjøsanger
    - Sekretariatet gjer særleg merksam på at prosjektet i utgangspunktet har ein totalkostnad på 430 mill., der 406 mill. er finansiert gjennom Miljøløftet. For at prosjektet skal få plass i porteføljen, er det ei føresetnad at prosjektet vert skalert ned, eller at berre delar av prosjektet blir gjennomført. Det vil i så tilfelle vere innanfor ei ramme på om lag 300 mill.

## Tilgjengeleg finansiering pr. kommune

Tabell 6 gir ei oversikt over gjenståande finansiering i byvekstavtalen, dersom det blir gjort vedtak om å prioritere post 30 midlane i tråd med tabell 5. Tabell 6 er delt i tre: årleg snitt i tråd med byvekstavtalen, tidlegare løyving og foreslått bruk, og resterande tilgjengeleg finansiering til nye prosjekt i perioden (differansen). Tabellen er fordelt på kommunane i avtalen.

*Tabell 6 - Post 30 - finansiering, bruk og gjenståande finansiering (i mill. kr)*

| Kroneverdi | 2020 | 2020 | 2021 | 2022 | forventet 2023 | forventet 2023 | forventet 2023 | forventet 2023 | forventet 2023 | forventet 2023 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Årleg gjennomsnitt** | **2019** | **2020** | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** | **2027** | **2028-2029** | **Sum 2019-2029** |
| **Bergen** | 285 | 285 | 293 | 300 | 306 | 306 | 306 | 306 | 306 | 611 | 3 301 |
| **Alver** | 30 | 30 | 30 | 31 | 32 | 32 | 32 | 32 | 32 | 63 | 342 |
| **Askøy** | 30 | 30 | 30 | 31 | 32 | 32 | 32 | 32 | 32 | 64 | 344 |
| **Bjørnafjorden** | 25 | 25 | 26 | 26 | 27 | 27 | 27 | 27 | 27 | 54 | 289 |
| **Øygarden** | 39 | 39 | 40 | 41 | 41 | 41 | 41 | 41 | 41 | 83 | 448 |
| **Sum** | **408** | **408** | **419** | **429** | **437** | **437** | **437** | **437** | **437** | **874** | **4 724** |
| | | | | | | | | | | | |
| **POST 30 Tidlegere løyvingar + HP24-27 i tråd med tabell 5** | **2019** | **2020** | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** | **2027** | **Restbehov etter 2027** | **Sum 2019-2029** |
| **Bergen** | 335 | 416 | 374 | 368 | 384 | 175 | 97 | 253 | 472 | 409 | 3 284 |
| **Alver** | | | 14 | 15 | 15 | 34 | 35 | 12 | 20 | 9 | 154 |
| **Askøy** | | | | 8 | 47 | 39 | 42 | 13 | 182 | - | 331 |
| **Bjørnafjorden** | | | | 13 | 36 | 56 | 38 | 15 | - | - | 158 |
| **Øygarden** | | | 7 | 10 | 28 | 27 | 31 | 73 | 31 | - | 208 |
| **Sum** | **335** | **416** | **395** | **415** | **510** | **331** | **244** | **366** | **705** | **418** | **4 135** |
| | | | | | | | | | | | |
| **Differanse** | **2019** | **2020** | **2021** | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** | **2027** | **2028-2029** | **Sum 2019-2029** |
| **Bergen** | -50 | -131 | -81 | -69 | -78 | 130 | 208 | 52 | -167 | 202 | 17 |
| **Alver** | 30 | 30 | 16 | 16 | 16 | -3 | -4 | 20 | 12 | 54 | 187 |
| **Askøy** | 30 | 30 | 30 | 23 | -15 | -7 | -10 | 19 | -150 | 64 | 13 |
| **Bjørnafjorden** | 25 | 25 | 26 | 13 | -9 | -29 | -11 | 12 | 27 | 54 | 132 |
| **Øygarden** | 39 | 39 | 33 | 31 | 13 | 14 | 10 | -31 | 10 | 83 | 240 |
| **Sum** | **73** | **-8** | **24** | **14** | **-73** | **106** | **194** | **72** | **-268** | **456** | **589** |

Tabell 6 viser at Bergen og Askøy meir eller mindre har definert bruken av sine hvv. 3,3 mrd. og 350 mill. i avtaleperioden. Samstundes har dei tre andre kommunane spelt inn færre prosjekt enn kva som er tilgjengeleg. Dette skuldast ulik praksis mellom kommunane om kva som blir spelt inn til Miljøløftet til kva tid. Det er gjort fleire politiske vedtak om ønska prosjekt, enn det som er vist i prosjektporteføljen og handlingsprogrammet. Miljøløftet vil arbeide for meir lik praksis mellom partane, for å gjere aktiviteten i partnarskapen meir synleg.

## Prioriteringar post 30 midlar

Styringsgruppa blir oppmoda til å drøfte dei føreslegne prioriteringane, og ha mål om å vedta eit handlingsprogram i balanse.

Følgande anbefaling er gitt av prioriteringsrådet:

- Prioritere følgande ikkje-igangsette prosjekt i Bergen frå HP23-26 vidare i denne rulleringa:

  - Trafikktiltak Nygårdstangkrysset/ Fjøsangerveien
  - Fv582 Storetveitvegen, Hagerups vei–Minde Allé
  - Fv585 Nattlandsveien, Birkelundtoppen–Hagerupsvei, nord
  - Fv582/ Kv5312 Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei–Fantoft), sykkelanlegg
  - Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 3, Nesttun–Fjøsanger
    - Med føresetnad om tilpassing av prosjektet til ei redusert ramme
  - Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 4, Fjøsanger–Kristianborg
  - Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 5, Fjøsangerveien/ Solheimsgaten–Fabrikkgaten
- Prioritere følgande nye prosjekt i Bergen:
  - KV4728 Litleåsvegen sykkeltiltak
  - KV4181 Wiers-Jenssens vei sykkeltiltak
- *Ikkje* prioritere følgande nye prosjekt i Bergen:
  - E39, DS8-a Hovedsykkelrute Eidsvåg–Tertneskrysset
  - E39, DS8-b Hovedsykkelrute Tertneskrysset–Rolland
  - KV4688 Krohnåsvegen sykkeltiltak
  - Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 1, Skeie–Rådal
- Prioritere følgande ikkje-igangsette prosjekt i Alver frå HP23–26:
  - Fv5474 Seim
  - Fv5452 Hillesvåg–Apalen, etablering av G/ S-veg
  - Fv5458 Ostereidet/ Lindsdalen i Alver, G/ S-veg
  - Fv5452 Leknesvegen
- Prioritere følgande nye prosjekt i omlandskommunane:
  - Alver
    - Manger kirke–Hesthaugen, fortau
    - Hilland i Alver kommune, rundkjøring/snumulighet for buss
    - Knarvikplanen, gang- og sykkelveier
  - Askøy
    - Nordre Hauglandsveg
    - Skarholmvegen
  - Bjørnafjorden
    - Oppgradering haldeplassar E39 Bjørnafjorden
    - Åsen–Helleskaret gang- og sykkelveg
  - Øygarden
    - Miljøgate Ågotnes–delstrekning 1
    - Skogsskiftet sentrumsområde

## 5. Post 63 Statleg tilskot til store kollektivprosjekt

Som vist til i tidlegare saker, blir det ikkje spelt inn prosjekt til finansiering over post 63 i statsbudsjett 2024. Bybanen til Åsane takast inn i handlingsprogrammet til Miljøløftet når finansieringa av byggetrinnet er avklart.

## 6. Post 66 Tilskot til byvekstavtaler

Det statlege tilskotet til byvekstavtaler har fleire delar. I utgangspunktet vert dei utbetalt som årlege tilskot til Vestland fylkeskommune, i tråd med løyvingar i statsbudsjettet. Særleg det siste året har det vore stort fokus på at dei statlege midlane skal brukast i året dei vert utbetalt.

### Belønningsmidlar til drift kollektiv (Skyss)

Skyss får tildelt rundt 300 mill. årleg i belønningsmidlar til drift av kollektivtransporten. Deler av dette tilskotet skal brukast til låg- og nullutsleppsteknologi. I fleire høve har Vestland fylkeskommune lagt fram

